


Søknad om prøveuttak

# Verken i Leikanger kommune






## VERKEN STEINBROT - SØKNAD OM PRØVEUTTAK

Dato: 14.05.2018

Målestokk: 1:50000

Koordinatsystem: UTM 32N



Gjerløw Maskin og Transport as  
**STEINBROT VERKEN - PRØVEUTTAK  
NOTAT**

---

Omtale av tiltaket

Dato: 28.05.2018  
Versjon: 01



## Dokumentinformasjon

---

Oppdragsgjever: Gjerløw Maskin og Transport as  
Tittel på rapport: Steinbrot Verken - Prøveuttak  
Oppdragsnamn: Steinbrot Verken  
Oppdragsnummer: 619338-01  
Skiven av: Even Gjerløw  
Oppdragsleiar: Karl Erik Johnsen  
Tilgang: Åpen

01	28.05.18	Nytt dokument	EG	NH
VERSJON	DATO	SKRILDRING	SKRIVEN AV	KS

## Føreord

---

Asplan Viak as har vore engasjert av Gjerløw Maskin og Transport as for å gi utfyllende informasjon og skildring av prøveuttak for 2000 pfm<sup>3</sup> naturstein i Verken. Magne Gjerløw har vore oppdragsgivars sin kontaktperson for oppdraget.

Notatet er utarbeida av Asplan Viak as ved Nils Husabø, Even Gjerløw og Karl Erik Johnsen, der sistnemde har vore oppdragsleiar.

Leikanger, 28.05.2018

Even Gjerløw

fot

Karl Erik Johnsen  
Oppdragsleiar

Nils Husabø

Nils Husabø  
Kvalitetssikrar

## Innhald

---

1.	TILTAKSHAVAR.....	4
2.	LOKALISERING.....	5
3.	BESKRIVELSE AV TILTAKET .....	6
3.1.	Planstatus, historie og løyver.....	6
3.2.	Kort om bergarten.....	6
3.3.	Gjennomføring av prøveuttaket .....	7
3.4.	Sikring.....	7
3.5.	Avslutning av brotet/prøveuttaket .....	8
4.	VEDLEGG .....	9
	KJELDER.....	10

## 1. TILTAKSHAVAR

Gjerløw Maskin og Transport er eit norsk selskap stifta i 2016. Firmaet er registrert under næringskode «43.120 Grunnarbeid», og vedtekten beskriv «entreprenørtenester, samt det som naturleg står i forbindelse med dette...».

Formålet med etablering av eit prøveuttak på Verken i Leikanger kommune er å produsere murstein til bruk i det lokale markedet. Sprengt stein som ikkje kan seljast som murstein vil verte knust til mindre fraksjonar for sal.

Tiltakshavar: Gjerløw Maskin og Transport as  
Eivaldgjerde 8  
6863 LEIKANGER

Org.nr: 917 198 772 MVA

Telefon: 901 57 619 (leiar)


E-post: gjerlowmaskin@gmail.com

Leiar og driftsansvarleg: Magne Gjerløw


## 2. LOKALISERING

Steinbrotet ligg langs Sognefjorden, på oversida av Rv55 på Verkaneset. Høgde over havet er ca frå kote 10 og oppover.

Prøveuttaket omfattar om lag 1 daa, og ligg i tilknyting til eit eldre steinbrot.



Bilete 1: NGU bergrunnskart der pil og firkant syner lokalisering. Kartet indikerar bergart gneis, migmatitt eller granitt.



Bilete 2: Lokalisering aust for eldre nedlagt steinbrot

### 3. BESKRIVELSE AV TILTAKET

#### 3.1. Planstatus, historie og løyper

I Leikanger kommune sin kommuneplan er området Verken avsett til mineralutvinning.

Vi kjenner ikke eksakt til kor tid det først vart teke ut stein i området, men trur det kan ha vore i svært liten skala på 1960 og -70 talet. I 1978-79 starta Statens Vegvesen å ta ut murstein og pukk til bruk for etablering av gs-veg langs Rv55 på Leikanger og Hermansverk. Dei avslutta sitt uttak om lag 1984-85.

Etter det var det ein kort periode rundt 1990 der ein forsøkte å ta ut stein til «spesialføremål». Dette er nærmere omtala og synt i vedlegg.

All tidlegare uttak er basert på handboring og ulike metodar for splitt av stein.

Det føreligg avtale mellom grunneigar på gnr/bnr 2/8 og Gjerløw Maskin og Transport som gjeld for prøveuttaksperioden.

Tiltakshavar har gjennomført nabovarsling i tråd med vilkåra i plan- og bygningslova. Det kom ikkje inn merknader til varslet. Næraste busetnad er to hytter, ei vest for brotet og ei på austsida. Det er 100m eller meir frå steinbrotet til hyttene. Mot sør grensar steinbrotet til Rv55. Statens Vegvesen har gjeve løye til avkøyrslle, mot etablering av sikttrekantar som vist på teikning.

#### 3.2. Kort om bergarten

Førekomsten er rosa strukturbetont gneis / rosa migmatittgneis. Også omtala som «flammegneis». Bergarten er nærmere omtala i vedlegg: NGU rapport, nr 93.059, mai 1993, «Blokksteinundersøkelser i Sogn og Fjordane». Jamfør punkt 9 «Migmatittgneis Leikanger» (side 28-30), og vidare under punkt 18 «Resultater og anbefalinger» (side 54-56) der Migmatittgneis Leikanger er vurdert blant prioriterte førekomstar i Sogn og Fjordane.



Bilete 3: Vareprøve «spesialstein»

### 3.3. Gjennomføring av prøveuttaket

Tiltakshavar søker om eit prøveuttak på 2000 pfm<sup>3</sup>. Føremålet med uttaket er i første rekke murstein. Skrotmassar vert knust til mindre fraksjonar, slik som grov/fin pukk og grus.

Tidlegare uttak i steinbrotet er basert på handboring og ulike metodar for splitt av stein. Dette har gitt gode resultat tidlegare.

Denne metoden vil per i dag ikkje vere økonomisk forsvarleg, då det er ein tidkrevjande operasjon. Med lønn som drivande faktor, vil ein måtte nytte meir effektive og maskinelle metodar for å få økonomi i uttaket per i dag. Ein har på bakgrunn av tidlegare uttak konstatert at stein er eigna til tiltenkt føremål, men ein må vurdere om det er mogleg å få så effektiv drift i steinbrotet at det er økonomisk forsvarleg. Difor søker ein no om eit prøveuttak. På bakgrunn av dette vil ein vurdere grunnlaget for å söke om konsesjon for vidare uttak i området.

Det er tenkt nytta borrigg, med boring av vertikale hol og forsiktig lading for å få ut mest mogleg murstein. Prøveuttaket er delt i to etappar, der kvar av etappane vert oppdelt i fleire salver i samråd med bergsprengar. Type sprengstoff vert og vurdert i så måte. Driveretninga vert frå vest mot aust.

Området har stort sett fjell i dagen, så det er minimalt med avdekkingsmassar.

Før oppstart av prøveuttaket, må det etablerast nye siktsoner langs Rv55, jamfør løyve frå Statens Vegvesen. Det er gitt føringar på at dette arbeidet må utførast utanfor turistsesongen då det er høgare trafikkbelastning, det vil seie gjennomføring i perioden september – mai.

Varigheita på prøveuttaket er vurdert til å vere ca 2 år, rekna frå når avkørsle er godkjent. Det er gitt noko romsleg tid å for å kome inn på det lokale markedet. Fortriinnsvis ønskjer ein oppstart av prøveuttaket oktober 2018.

### 3.4. Sikring

Brot-området skal i driftsperioden og for ettertida sikrast mot utanforståande (menneske og husdyr). Området eigner seg därleg for tur og fritid, og generelt er det difor lite menneskeleg aktivitet ved området, anna enn fastbuande og hytteigarar.

Sikring av brotområdet består av:

- Områdesikring i form av gjerde rundt området som vist på planteikning.
- Sikring mot Rv55 i form av byggegjerde med skilt «Adgang forbode for utedkommende»
- Pallsikring: På stadar der det ikkje er drift, skal det leggast steinar/steinrankar på pallkantar og framom pallefot.
- Sikring av driftsvegar i steinbrotet med steinar.

Riggområde vert etablert i vestleg del av eksisterande steinbrot i nødvendig omfang, og i tråd med gjeldande regelverk.

### 3.5. Avslutning av brotet/prøveuttaket

Det vert lagt vekt på at ytterkantane av brotet får god tilslutning / overgangar til eksisterande terreng. Det er laga eigen teikning med snitt som syner korleis brotet er tenkt avslutta.

Som nemnt er det lite avdekkingsmassar i området. Det er difor tenkt tilbakeføring med overskotsmassar utanfrå for å oppnå ei demping av pallane for ettertida. Det vil vere naturleg å tilplante med furu som er tilsvarende art fjerna ved etablering av prøveuttaket.

Avslutninga av pallane vil bestå av grov-rensk av kantar for å redusere faren for utfall av blokk. I tillegg skal det gjennomførast generell opprydding og istandsetting av pallar og palleveggar.

Driftsveg til pallane vert fjerna etter endt drift.

## 4. VEDLEGG

---

- Oversiktskart 1:50 000 (A3)
- Steinbrot Suppam, planteikning 1:500 (A3)
- Normalprofil for uttak 1:100 (A3)
- Normalprofil avslutningsplan 1:100 (A3)
- NGU rapport, nr 93.059, mai 1993, «Blokkesteinundersøkelser i Sogn og Fjordane»
- Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Bjørn Falck Russesnes, 1991, «Rosa flammegneis – «Crystal pink» frå Verken, Leikanger»

Øvrige relevante vedlegg er tidlegare innsendt av tiltakshavar, jamfør dykkar referanse 17/02357.


## KJELDER

---

- NGU rapport, nr 93.059, mai 1993, «Blokkesteinundersøkelser i Sogn og Fjordane»
- Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Bjørn Falck Russnes, 1991, «Rosa flammegneis – «Crystal pink» frå Verken, Leikanger»
- Dirmin.no, Søknad om tillatelse til prøveuttag

# Steinbrot Suppam, planteikning

2/8  
Gjermund Høgheim




## TEIKNFORKLARING

- Etappe 1
- Etappe 2
- Vertikalsnitt
- Siktlinje avkøysle fra Rv55
- Eks. egedomsgrense
- Gnr/bnr

Målestokk: 1:500 (A3)  
Ekvidistanse: 1 m  
Teikningsdato: 29.01.2018

# Vertikalsnitt A - A: Plan for prøveuttak

Målestokk 1:100 (A3)



# Vertikalsnitt A - A: Avslutningsplan

Målestokk 1:100 (A3)

